

---

**Saksnr:** 2022/486-36**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 17/22	E-post 31.05.2022

## Arbeid med modell for undervisningstimar - mandat og samansetting av arbeidsgruppe

### Forslag til vedtak

1. Arbeidsgruppa sitt mandat vert som følgjer:

Fagskulane har gjennomgått store endringar dei siste åra. Utviklinga av sektoren peiker mot at modell for studenttimetal og ressursbruk må vurderast. Samanslåinga av dei to fagskulane i Vestland har vist at det er forskjellar i organiseringa mellom, og innan dei to tidlegare skulane, samt ved andre fagskular i landet. Arbeidsgruppa må sjå på ulike modellar og løysingar som tek omsyn til:

- Kvalitet
- Berekraftig ressursbruk
- Studia sine eigenartar
- Trong for fleksibilitet og utviklingskapasitet

Arbeidsgruppa vert bedt om å komme med forslag til modellar og løysingar innan medio oktober 2022. Rektor legg fram sak for styret basert på arbeidsgruppa sitt arbeid.

2. Arbeidsgruppa skal bestå av følgjande personar:

- Emil Gadolin – Leiar (Styreleiar)
- Arvid Ellingsen – Medlem (LO)
- Bjørn Lyngedal – Medlem (VLFK Opplæring og kompetanse)
- ONF-medlem (Namn ikkje klårt enda) (Organisasjon for Norske Fagskolestudenter)
- Tre studentrepresentantar – Medlem (Namn ikkje klårt enda)
- Tre tilsettrepresentantar – Medlem (To frå dei tekniske utdanningane Førde og Nordnes og ein frå det maritime fagmiljøet)
- Ein representant frå RFF – Medlem (RFF vel ein representant)
- Torbjørn Mjelstad – Medlem (Rektor Fagskulen Vestland)

Arbeidsgruppa nemner opp sekretariat sjølv.

## Samandrag

I samband med samanslåinga av Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane var det eit behov for å harmonisere talet på timar som vert gitt til undervisning for studentane. Sak om undervisningstimar vart lagt fram for styret i ekstraordinært møte 22.04.2022, men det vart vedteke å utsetje avgjerda til hausten 2022. Vidare vart det vedteke å opprette ei arbeidsgruppe, som skal arbeide med modell for undervisningstimar ved fagskulen. Rektor vil med dette leggje fram forslag til mandat og samansetting arbeidsgruppa.

**Adeline Berntsen Landro**  
prorektor organisasjon og samhandling

**Ingrid Fagerheim Sættem**  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I styremøtet 22.04.2022 fatta styret følgjande vedtak:

1. *Styret utsetter beslutning om fremtidig modell for undervisningstimer til høsten 2022. Dette medfører at dagens modeller ved de ulike studiestedene videreføres som i dag.*

*Det vidare arbeidet med modell for undervisningstimer løftes inn i en bredt sammensatt arbeidsgruppe. Styret ønsker å ha særlig oppmerksomhet på kvalitet og studentenes læringsutbytte. Arbeidsgruppen skal ledes av styreleder med representasjon fra administrativ ledelse, de ansatte og studentene, samt med deltakelse fra relevant ekstern kompetanse. Sammensetningen av arbeidsgruppen skal drøftes med alle parter, og rektor bes legge frem sak om mandat og sammensetning av arbeidsgruppen for styret i slutten av mai. Arbeidet skal slutføres i løpet av høsten 2022 slik at styret kan fatte vedtak samme semester. Det er rektor som til slutt legger frem en endelig sak overfor styret.*

*Styret ønsker å ha en særlig oppmerksomhet knyttet til overtidssituasjonen ved Fagskolen Vestland. Styret konstaterer at bakgrunnen for situasjonen er sammensatt. Styret skal holdes løpende oppdatert om overtidssituasjonen i alle styremøter og ber rektor følge situasjonen tett. Styret presiserer at en vedvarende høy overtidssituasjon vil få konsekvenser for den fremtidige tilbudsstrukturen, eksempelvis i form av en reduksjon i antall klasser.*

*Bemanningssituasjonen og tilgangen på relevant fagkompetanse er en naturlig del av arbeidet med en ny strategi for Fagskolen Vestland.*

Saka har vore lagt fram for OMU (Omstillingsutvalet) i to omganger. Dei tillitsvalde, hovudtillitsvalde og verneomboda har alle fått ein mogelegheit til å komme med innspel til mandatet. Dette er ei sak som er særskilt krevjande for mange, og nokre av tilbakemeldingane som rektor fekk i OMU er at tempoet på arbeidet var noko høgt. Rektor er einig i dette, men ein må finne ein god balanse mellom framdrift og involvering. Det er vanskeleg.

Dei tillitsvalde har komme med innspel i etterkant av siste OMU-møte som vart heldt 25.05.2022. Fredag 27.05.2022 fekk rektor følgjande tilbakemelding frå dei tillitsvalde:

«Etter samtaler mellom tillitsvalgte og verneombud er vår oppfatning at:

*For å sikre en bred representasjon av undervisningspersonell er det ønske om fire plasser i arbeidsgruppen*

- *Hovedtillitsvalgt (ansattes kontakt med eier)*
- *Førde (avvikende arbeidsforhold)*
- *Nordnes (største studiested)*
- *Maritim (særskilte eksterne krav til utdanning)*

*Håper at dette lar seg gjøre, og at en arbeidsgruppe med eier, styre, ledelse og ansatte m.fl. finner en felles forståelse av hva som kreves for å lage en god og relevant fagskole.»*

Rektor er samd i viktigheita av å ha ein brei representasjon. Difor støttar rektor dette, og legg opp til tre tilsettrepresentantar. Rektor støttar ikkje at dei hovudtillitsvalde skal vere representert inn i dette arbeidet. Dette er ikkje ei sak for institutta knytt til tillitsvaldordninga, men er ei sak for fagfolka og dei tilsette. Rektor sitt forslag var to tilsettrepresentantar og to studentrepresentantar. Etter innspela frå OMU aukar rektor dette til tre representantar frå dei tilsette og tre frå studentane.

På bakgrunn av dette vil rektor tilrå følgjande mandat og samansetning av arbeidsgruppe:

### Mandat

Fagskulane har gjennomgått store endringar dei siste åra. Utviklinga av sektoren peiker mot at modell for studenttimetal og ressursbruk må vurderast. Samanslåinga av dei to fagskulane i Vestland har vist at det er forskjellar i organiseringa mellom, og innan dei to tidlegare skulane, samt ved andre fagskular i landet. Arbeidsgruppa må sjå på ulike modellar og løysingar som tek omsyn til:

- Kvalitet
- Berekraftig ressursbruk
- Studia sine eigenartar
- Trong for fleksibilitet og utviklingskapasitet

Arbeidsgruppa vert bedt om å komme med forslag til modellar og løysingar innan medio oktober 2022. Rektor legg fram sak for styret basert på arbeidsgruppa sitt arbeid.

### Arbeidsgruppe

- Emil Gadolin – Leiar (Styreleiar)
- Arvid Ellingsen – Medlem (LO)
- Bjørn Lyngedal – Medlem (VLFK Opplæring og kompetanse)
- ONF-medlem (Namn ikkje klårt enda) (Organisasjon for Norske Fagskolestudenter)
- Tre studentrepresentantar – Medlem (Namn ikkje klårt enda)
- Tre tilsettrepresentantar – Medlem (To frå dei tekniske utdanningane Førde og Nordnes og ein frå det maritime fagmiljøet)
- Ein representant frå RFF – Medlem (RFF vel ein representant)
- Torbjørn Mjelstad – Medlem (Rektor Fagskulen Vestland)

Arbeidsgruppa nemner opp sekretariat sjølv.

### Vedtakskompetanse

Det er styret for Fagskulen Vestland som fattar vedtak om organisering av ei utdanning, jf. fagskulelova § 17:

#### «§ 17. Innholdet i utdanningen

Styret skal fastsette en plan for innholdet i utdanningen og bestemme hvordan planen skal gjennomføres. Det skal blant annet fastsettes bestemmelser om obligatoriske kurs, praksisstudier, vurderingsformer og lignende.

Studiepoeng er en betegnelse på læringsutbytte og normert studietid. Et fullt studieår er normert til 60 studiepoeng.

Departementet kan gi forskrift om

- a) nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk
- b) et felles vurderingsuttrykk ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering.»

Vidare er følgjande presisert i fagskuletilsynsforskrifta §§ 2-1 og 2-2:

#### «§ 2-1. Utdanningens innhold og form

Fagskulen skal samarbeide med aktører i arbeidslivet for å sikre at utdanningens læringsutbytte er relevant for ett eller flere yrkesfelt.

Utdanningens læringsutbytte skal være utformet i tråd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), og kvalifikasjonen skal være tilstrekkelig for å utøve yrket.

Utdanningen skal ha

- a. et dekkende navn
- b. et faginnhold og en struktur som er egnet til at studentene kan oppnå læringsutbyttet
- c. undervisnings-, lærings- og vurderingsformer som er egnet til at studentene kan oppnå læringsutbyttet.

For utdanninger med praksis skal det finnes en skriftlig praksisavtale mellom fagskolen og praksisstedet om hvordan praksisen skal gjennomføres.

Utdanningen skal ha en studieplan som informerer om utdanningens opptakskrav, faginnhold, struktur og undervisnings-, lærings- og vurderingsformer, inkludert praksis.»

#### «§ 2-2. Studiepoeng og arbeidsomfang

Utdanningen skal ha et omfang på 30, 60, 90 eller 120 studiepoeng, hvis det ikke er gitt unntak etter fagskoleforskriften § 42.

Arbeidsomfanget for studentene skal være på 1500–1800 timer per år for heltidsstudier.»

### Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at mandat og sammensetting av arbeidsgruppa vert vedteke slik det kjem fram av saka.